

Holmedal montessoriskule Årsmelding for 2014

Holmedal montessoriskule har vore i vanleg drift heile kalenderåret. Tilsette har vore: Rektor: Oddveig Lyngstad. Lærarar: Dagny Sagosen Haugsvær, Olga Margrethe Ask Skrede, Ann - Mari Søreide, Liesbeth Fokker, Ank de Jong, Ingvild Søgner, Henny Vågane (lærar/kontormedarbeidar), Miriam Torillsdatter Harbo (ass.) og Helga Carlsen (ass.). Even Bøthun er engasjert i ein liten timelærarstilling i kunst og handverk. Øyvind Selvik har vore leigd inn som musikk lærar gjennom kulturskulen. Reinhaldar: Synnøve Krogenes (Terje Nyhaug har vikariert i sjukefråver). Magne Follevåg har fått løn for noko vaktmeisterarbeid.

Styret har vore: Gry Losnegård Hansen (leiar), Ann Kristin Ask (nestleiar), Synnøve Rivedal, Lasse Stenseth (foreldrerepresentant) og Gaute Losnegård (foreldrerepresentant). Vara: Alf Karsten Tveit og Gro Eikebø Stang. Representant for pedagogisk personale i styret: Ank de Jong. Representant for anna personale: Henny Vågane. Representant for elevrådet: Trygve Johan Nyhaug (skuleåret 2013/14). Ingrid Øvreås (skuleåret 2014/15). Valnemnd: Marianne Furevikstrand og Siv Tønder. Styret har hatt 7 møte i løpet av året og handsama 42 nummererte saker.

Eleventalet var 46 våren 2014. Ved søknadsfrist 1. februar var det meldt inn 4 elevar til 1. trinn, i tillegg fekk vi ein søknad frå tilflyttar til kommunen noko seinare. Vi hadde ikkje elevar på 7. trinn skuleåret 2013/2014, men 3 elevar slutta ved skulen fordi dei skulle flytte frå kommunen og ein elev slutta for å begynne på Askvoll skule. 5 elevar tok til på 1. trinn i august. Hausten 2014 var det totale elevtalet 47.

Skulen har vore delt i to: 1.- 4. trinn utgjorde gruppe 1, 4.-7. trinn gruppe 2. Skulen har gjeve tilbod om leksehjelp, og hatt SFO-ordning 4 dagar i veka skuleåret 2013/14 og 5 dagar i veka skuleåret 2014/2015, og to heile veker i sommarferien. Kamilla Fauske Rivedal og Turid Ekblad Itland har vore engasjerte som assistentar i SFO. Elles har Miriam, Helga og Ann - Mari hatt hovudansvaret for dette tilbodet hausten 2014.

Alle fast tilsette lærarar har tilleggsutdanning i montessoripedagogikk. To lærarar er i gang med tilleggsutdanning for 9 - 12 år, og vil fullføre dette i løpet av hausten 2015. Den eine av desse har frå før av utdanning for 6 - 9 år. Ein tilsett fullførte vidareutdanning i norsk; lese- og skriveopplæring hausten 2014.

Skulen har elles arrangert open skule ein gong pr. månad (for foreldre og elevar), open dag for nye søkjarar i januar, open skule med mat og kultur i mars, dugnad i mai, sommarfest i juni, foreldremøte i september, dugnad i september, utviklingssamtaler vår og haust og julemarknad i desember slik som tidlegare år. Det er gjort, og planlagt, omfattande vedlikehaldsarbeid på skulebygga. Det vart skifta ut alle vindauge på kjøkkenet og dei to klasseromma i gruppe 2 hausten 2014, og arbeid på taket står for tur. Ei gruppe frå staben og elevrådet har saman med styret starta på arbeidet med ein plan for skulen sitt uteområde. Grindabygget som kom på plass framfor skulen sommaren 2014 er ein del av dette. Hønehuset blir endra til leikehytte, og ferdigstilt så snart som råd.

For styret ved Holmedal montessoriskule

24.03.2015

Gry Losnegård Hansen, leiar

Gry Losnegård Hansen

Ann Kristin A. Ask

Synnøve Rivedal

Oddveig Lyngstad

Gaute Losnegård

Lasse Stenseth